



Møre og Romsdal
fylkeskommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	2022/8806 - 68316/2022	Anne Lene Helgetun, 71 28 00 17	30.05.2022

Samferdsel - faglege råd i plan- og veglovssaker

Plan- og trafikkseksjonen på fylkesvegavdelinga er fagsaksbehandlar for samferdsel i plansaker etter plan- og bygningslova. Plansaker omfattar kommune(del)planar, reguleringsplanar og dispensasjonar. I tillegg behandlar vi enkeltsaker etter veglova om avkøyrsløse, dispensasjon byggegrense, omklassifisering, graving og framføring, reklame m.m.

I oversending av saker frå kommunane til oss, ser vi ein del manglar som gjentek seg ofte, og som kan seinke framdrifta for den som skal gjennomføre tiltak. Dette er uheldig, og vi har derfor utarbeidd nokre konkrete råd, som vi ber kommunane ta omsyn til før saker blir oversendt.

Det overordna målet er å sikre eit trafikksikkert og framkomeleg vegnett. Andre viktige omsyn er vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved framtidig utviding av vegen og miljøet på eigedomane langs vegen.

Overordna dokument som blir lagt til grunn for behandlinga vår er fylkesplanen, fylkesstrategi for samferdsel, rammeplan for avkøyrsløse og differensierte byggegrenser, veglova sine føresegner og vegnormalane.

Plansaker

- *Trafikktrygging – krav til utgreiing*
Ein planomtale må så langt det er relevant i den enkelte saka drøfte trafikkauke, trafikklysingar for personbil, avfallshandtering, varetransport, ferjetrafikk, kollektivtrafikk, parkering, samt situasjonen for mjuke trafikantar og skuleborn. Ferdsel langs og kryssing av fylkesvegen for desse gruppene skal alltid vurderast.

Omtalen må ta for seg heile arealet innanfor plangrensa og influensområdet, dvs. område utanfor planområdet som planforslaget har innverknad på. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, omtale av planforslaget, verknader av planforslaget og

eventuelle avbøtande tiltak.

Tosidig utbygging langs fylkesvegar er ei løysing vi på generelt grunnlag er negative til. Dette fordi det genererer auka aktivitet på tvers av fylkesvegen. Det er uheldig for mjuke trafikantar som ønsker å krysse vege, og for trafikantar som nyttar vege. Ei slik løysing krev spesiell grunngeving og utgreiing, og vil i dei fleste tilfelle krevje avbøtande tiltak for å gi trafikksikre løysingar.

- *Fylkesvegen si byggegrense*
Fylkesvegen si byggegrense bør bli regulert i samsvar med i «Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar». Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vege, og miljøet på eigedomane langs vege. Byggegrensa må målsettast i plankartet og i tilhøyrande føresegn.
- *Fylkesvegen sitt sideareal*
Eigedomssområde, sikkerhetssone og ervervsareal langs fylkesvegen må bli regulert til «anna vegggrunn». Sikkerhetssona blir bestemt ut frå krava i vegnormal N101. Denne sona er eit område utanfor køyrebana kor det ikkje skal vere faremoment som farlege sidehinder, farlege skråningar, byggverk (støyskjerm/gjerde/mur), parkeringsplassar eller liknande. Ei trygt utforma sikkerhetssone skal hindre at køyretøy som hamnar utanfor køyrebana treff farlege sidehinder.
- *Køyretilkomst frå fylkesvegen via avkøyrslar eller kryss*
Køyretilkomsten blir rekna som ein avkøyrslar der ein privat veg koplars seg på fylkesvege. Dersom køyretilkomsten er ein annan offentleg veg, til dømes ein kommunal veg, vil køyretilkomsten vere eit kryss (sjå avsnitt lengre ned).

Av omsyn til trafikktryggleik ønsker Møre og Romsdal fylkeskommune færrast mogleg avkøyrslar langs fylkesvegane. Dette fordi ulykkesrisikoen aukar sterkt med aukande tal på avkøyrslar pr. km veg. Avkøyrslar bør bli lagt til underordna vegnett, samordna og eventuelt fjerna der det er andre alternativ.

Plankart og føresegner må sikre at køyretilkomst blir utforma i tråd med gjeldande tekniske krav i vegnormalane. Dei tekniske krava til utforming er avhengig av mengde og type trafikk som skal nytte køyretilkomsten. Forventa trafikk i køyretilkomsten og talet på store køyretøy må derfor vere opplyst.

Planområdet må inkludere heile frisktsonene i kryss til fylkesvege, samt eventuelle frisktsoner i kryss til gang- og sykkelveg. Frisktsoner skal ha eiga føresegn, samt bli talfesta, helst i plankart, eventuelt i føresegner. Innanfor frisktsonen er sikthindrande element ikkje tillate, jf. krav i vegnormal N100. Eksempel på sikthindrande element er parkeringsplassar og rekkverk. For eksisterande sikthindrande rekkverk kan ei løysing vere å flytte rekkverket utanfor frisktsona eller fjerne det. Fjerning av rekkverk føreset at skråning blir utforma etter krava i vegnormal N101 om trafikkikkert sideterreng. Dersom planområdet er knytt til fylkesvegnettet via ein kommunal veg, må det i

oversendinga vere vurdert om kryssløysinga tolerer den auka trafikken som reguleringsplanen vil kunne medføre. Kryss må vere utforma i samsvar med krav i vegnormal N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Dersom krysset er ulykkesutsett og trafikkauken er vesentleg, kan det bli stilt krav om trafikkanalyse.


- *Støy*
Støy må blir vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegner og ev. avbøtande tiltak.
- *Rekkefølgjekrav*
Eit planforslag må knyte rekkefølgjekrav til nødvendige avbøtande tiltak som sikrar dei trafikale løysingane. Typiske eksempel på rekkefølgjekrav er krav om opparbeiding/utbetring av køyretilkomst/kryss, etablering av gang- og sykkelveggar og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar.
- *Fråvik*
Dersom gjeldande, tekniske krav ikkje kan bli oppfylte må det søkast fråvik. Fråvika må vere behandla før planforslaget kan bli vedtatt. Sjå informasjon og søknadsskjema på vegvesenet sine heimesider <https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/fravik/>. Vi ønskjer at planomtalen har ei oversikt over eventuelle avbøtande tiltak og/eller naudsynte fråvik i eit eige kapittel, eventuelt opplysning om at fråvik ikkje er aktuelt for plana. Manglande fråvik kan gi forseinkingar i planprosessen.

Veglovssaker – avkøyrsløysing og dispensasjon byggegrense

- *Søknadsskjema*
Skjema for søknad om løyve etter veglova er samla på denne sida: www.mrfylke.no/vegskjema
- *Unntak frå krav om løyve etter veglova*
Løyve etter veglova er ikkje nødvendig dersom eit tiltak er avklart gjennom reguleringsplan eller kommune(del)plan etter plan- og bygningslova. Dette betyr:
 - Der avkøyrsløysing er vist i stadfesta reguleringsplan, gjeld reguleringsplanen for avkøyrsløysingane som er vist i planen.
 - Der det er gitt anna byggegrense gjennom reguleringsplan eller kommune(del)plan, gjeld denne framfor veglova/rammeplanen si byggegrense.
- *Vedtaksmynde ved søknad om dispensasjon frå plan*
Ved søknader om dispensasjon frå plan for byggegrense eller avkøyrsløysing er kommunen vedtaksmynde. Saka skal vere sendt på høyring til fylkeskommunen før vedtak blir fatta.

Spesielt om avkøyrsløysing: Dispensasjon er nødvendig for andre løysingar enn det som er vist i planen, til dømes ny avkøyrsløysing, flytting av avkøyrsløysing og endra/utvida bruk. Når saka blir behandla av kommunen som dispensasjon frå plan, er det ikkje nødvendig med eige avkøyrsløysing etter veglova.

- **Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser**
Rammeplanen deler vegnettet inn i fire haldningsklassar. Dette er vist på karttenesta [GisLink](#) under «Samferdsel» og «Haldningsklasser MRFK»:



Det er også lagt ut informasjon om rammeplanen på nettsidene våre: www.mrfylke.no/vegskjema under «Søknad om avkøyrslar» og «Dispensasjon frå byggegrenser».

Kommunar og søkjarar kan nytte rammeplanen til å finne ut kva haldning dei kan forvente frå fylkeskommunen ved etableringar langs vegnettet.

- **Rekkefølge på saksbehandlinga**
Møre og Romsdal fylkeskommune behandlar ikkje avkøyrslssøknader der det omsøkte tiltaket er i strid med kommuneplanen, jf. veglova § 40. Tiltak må først bli vurderte som dispensasjon etter plan- og bygningslova før vi som vegmynde behandlar avkøyrslssøknaden. Vi vil gi førehandsfråsegn i høyringssaka der vi er negative til avkøyrslsen.

Dersom vi mottek ein avkøyrslssøknad før kommunen har fatta vedtak i dispensasjonssaka, blir behandling av avkøyrslssøknaden sett på vent fram til vi mottek kopi av kommunen sitt vedtak i dispensasjonssaka.

Ved søknad om dispensasjon frå byggegrense etter veglova stiller vi ikkje krav til rekkefølge på saksbehandlinga. Unntak frå dette vil vere byggegrensesaker der tiltaket også er avhengig av avkøyringsløyve. I desse sakene vil praksis for avkøyrslsbehandling gjelde, da det er klar samanheng mellom byggegrensesøknaden og behov for avkøyringsløyve.

Oppsummering

Vi ber kommunane om å følgje opp og formidle dei faglege råda til private aktørar som utarbeider planforslag eller søknader.

Oversikt over fylkeskommunen sine saksbehandlarar fordelt på fagfelt finn de her:

<https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/kommunal-planlegging/saksbehandlarane-vaare>

Ta gjerne kontakt for spørsmål og dialog.

Med helsing

John Hauger
leiar

Anne Lene Helgetun
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur